

## HAUSTMØTE Alpin, Førde 31. Oktober 2009

**SAK 1: Velkommen.** Opprop av representantar. Val av referentar.

### **SAK 2: Terminlista 2009/2010.**

Forslag har vore ute til høyring i klubbane, og etter tilbakemeldingar er framlegget frå alpikomiteen som vedlagt.

#### *Innspel:*

-Snøtilhøve: Kan bli vanskeleg å få arrangert alle kvalik. renna pga snøtilhøve

-For mange renn? Trykket på løparane kan bli stort, kan vere bra å ha ei helg utan renn for å kunne trene heime i klubbane.

-Ein ide å ha to renn på ei helg? Eller kveldsrenn? Kan verte problem at då ikkje kan ha breidde i rennet,- må ha to omgangar og dette vert det for kort tid til i breidderenn.

-Tidspkt fartssamling: Kan fartssamlinga flyttast til fredag/laurdag i staden for laurdag/søndag?

-Helga 06.-07. februar, samt ein dag i tillegg vert sett av til treningsamling med Kjus Rennskule i Sogn og Fjordane (Harpefossen?)

-Om ein lyt flytte eit renn til 06.-07. februar, så må eit evt. opplegg med Kjus Rennskule vike

-Spørsmål om flytting av renn med omsyn til NM i telemarkski som skal arrangerast i Hafslo.

**Vedtak:** Planlagt renn i Hodlekve 16.-17. Januar flytta til 9.-10. Januar. Gjev dei som ynskjer det høve til å delta i renn på Hemsedal 16.-17. Januar. Jølsterklubben seier seg villige til å byte rennhelg med Sogndal om nødvendig pga snøtilhøve. Elles som framlegg frå alpikomiteen. Sjå vedlegg.

Alpinkomiteen går inn for at ein skal hjelpe til med arr NM i telemarkski i Hafslo i 2010 så godt det let seg gjere.

### **SAK 3: Endring i kvalik. reglement LF/HL**

I framlegg til terminliste ses. 09-10 er det lagt inn 5 kvalik. renn i SL, 5 i SSL og 2 i SG.

Det betyr at Haustmøte må gjere ei endring i kvalik. reglementet før sesongen.

#### **Framlegg til endring kulepunkt 1:**

Ny ordlyd: *Tal kvalifiseringsrenn: 5 SL, 5 SSL og 2 SG*

Gamal ordlyd: *Tal kvalifiseringsrenn: 4 SL, 4 SSL og 4 SG*

#### **Framlegg til endring kulepunkt 2:**

Ny ordlyd: *Løparane skal delta i alle disiplinær. Dei 5 beste omgangane i SL, 5 beste omgangane i SSL og den beste omgangen i SG er teljande i uttaket til HL/ LC.*

Gamal ordlyd: *Løparane skal delta i alle disiplinær. Dei 4 beste omgangane i SL, 4 beste omgangane i SSL og den beste omgangen i SG er teljande i uttaket til HL/ LC.*

Framlegg til endring kulepkt 2: Ny eller gammal ordlyd?

**Vedtak:** Ny ordlyd kulepunkt 1 og 2

## **SAK 4: Fjord1 samlingane 2009/ 2010**

### **Samlingsplan 2009/ 2010/ påmeldingar**

Juvass, 04.-07. sept. (11 år-) – tal deltakarar: 27 stk

Hintertux, 04.-11. okt. (11 år-) – tal deltakarar: 33 stk

Hafjell, 28. nov.-01. des. (opa samling) – tal deltakarar: 79 stk

Hafjell, 02.-05. jan. (opa samling) – tal deltakarar: 75 stk.

#### **Evalueringspunkt:**

- gruppeinndelingar
- sportsleg opplegg
- organisering/ tilrettelegging
- m.m.Fjord 1- samlingane 2009/2010

#### *Innspel om gruppeinndelingar:*

- Må utvisast skjøn slik at ikkje alle utøvarar bortsett frå ein i bestemt alder vert attende i ei gruppe.
- Det er omsyn å ta kring alder, kjønn, klubbtilhøyring og erfaring.
- På Juvass var det problem med inndeling av gruppene, krinslaget vart splitta opp.
- I Hintertux fungerte treninga for begge gruppene fint.

- For nokre på krinslaget er det uproblematisk å byte gruppe/trenar

- Vert vist til vedtak i alpinkomiteen i haust, sitat:

” Alpinkomiteen gjer vedtak om at krinslaget i alpint primært skal vere tilslutta gruppe nr. 1. Dersom denne gruppa blir for stor i samband med enkelte samlingar skal løparane flyttast til gruppe nr. 2. I slike tilfelle skal løparane differensierast m.o.t. alder.

Trenar har det avgjerande ordet når treningsfaglege eller praktiske omsyn gjer at endringar i gruppesamansetjing er naudsynt, oftast midlertidig. Dette gjeld t.d. situasjonar for å utnytte trenarkapasitet best mogeleg, utnytte kapasiteten i trasear der vi trenar, og sikre at løparane får flest mogeleg runder. Det kan også gjelde situasjonar der t.d. ein eller to løparar går over til ei anna gruppe i ei eller fleire økter, fordi den gruppa trenar på element som akkurat dei løparane må fokusere på der og då.”

#### *Innspel om sportsleg opplegg:*

-Forsøke gjere avtale med trenarane ved Kjus rennskule om at det på samlingane vert tid til at trenarane frå klubbane kan drøfte kva utøvarane bør trene på heime i klubbane, og be om tips til korleis ein kan organisere ulike ting.

-Drøfte med Kjus Rennskule om utøvarar kan delta på Hafjell også mellom samlingar om behov for det Forslag om å melde krinsen på vanleg jentefart og gutefart på Hafjell.

-Gjeld fartstrening: Må tore å gå ned i alder, viktig med erfaringar for yngre løparar, men kan bruke lokale treningskrefter på yngre deltakarar.

#### *Innspel om organisering/tilrettelegging.*

-Yngve: Påmelding/avmelding til samlingane fungerer ikkje godt (dette pkt gjeld ikkje renna). Medfører mykje ekstraarbeid og uvetig bruk av ressursar. Deltakarar/foreldre må utvise annan disiplin kring dette heretter. Det vert nye rutiner for påmelding. Frist blir **siste frist** heretter. Tek i bruk nytt system for påmeldingar frå og med 2/11 09. Dette betyr enkel påmelding. Den er nettbasert.

-Under samlingar: Alle erfarne foreldre har ansvar for at nye foreldre får informasjon om kva som vert forventa av foreldre i løypene på samlingar og elles under trening.

Arbeidsoppgåver kan til dømes planleggast og fordelast kvelden før treningsøktene for å sikre at er nok foreldre til kvar gruppe. Gjennomføring av arrangementa forutset at foreldre deltek aktivt under treningane på samlingar, -at dei står til rådvelde for trenarane og oppgåver dei må ha hjelp til.

#### *Innspel ymse om Fjord 1- samlingane:*

-Spørsmål frå trenarar på Kjus Rennskule om aktuelt med Fjord 1- samling i juni. Diskusjon om Strynefjellet kan vere aktuell treningsarena. Komiteen drøftar vidare.

-Komiteen skal på tidspunkt til våren legge fram økonomisk overslag for reise og opphald tur/retur Gardermoen- Hintertux, for barn og vaksen.

## **SAK 5: Krinslaget 2009/2010**

### **Utøvarar**

Krinslaget består av 22 utøvarar 09/ 10

### **Samlingsplan**

- Sogndal, 08.-09. august – barmark, Juvass, 04.-07. sept. – ski, Førde, 19.-20. sept. – barmark  
- Hintertux, 04.-11. okt. – ski, Eid, 07.-08. nov. – barmark, Hafjell, 28. nov.-01. des. – ski,  
Hafjell, 02.-05. jan. – ski. Totalt 25 samlingsdøgn

**Evalueringspunkt:** Gruppedelingar, innhald barmark/ ski; organisering/ tilrettelegging, økonomi:

### *Innspel:*

- Barmarksamlingane: Mål som personleg oppfølging av trenaren for tilpassa treningsprogram mellom øktene, motivering for slik trening og skriving av treningsdagbok ikkje nådd. Yngve tek dette opp med trenaren. Mål at alle skal delta på sosiale arrangement og overnatte saman ikkje nådd.

- Viktig målsetjing for krinslaget: Samansveising av deltakarane,- for motivering til å satse vidare og unngå fråfall.

- Spørsmål om har gått for langt ned i alder på krinslaget

- Spørsmål om Atle Sæterbakken som foreleste på "Haustmøtet" fredag kveld også kan forelese for utøvarane frå viss alder?

## **SAK 6: FIS- renn 2009/2010**

### **Informasjon om felles opplegg – FIS-renn 09/ 10**

- Geilo, 20.-22. nov. 2009
- Geilo, 10.-13. des. 2009
- Oppdal, 07.-10. jan. 2010

- Fartsveka, Hafjell, 18.-24. jan. 2010
- Jølster/ Voss, 24.-28. feb. 2010
- NM junior 1 Geilo, 10.-11. april 2010

Skikrinsen organiserar felles overnatting for utøvarar og føresette.

Felles hovudleiar (rullerar ml. føresette) får dekkja overnatting og reise.

Påmelding via nettsidene til skikrinsen!

### **SAK 7: Handlingsplan 2009/2010**

Informasjon. Dokumentet frå alpinksomiteen lagt ved.

### **SAK 8: Informasjon om TDI- kurs på Skei:**

TD1 kurs på Skei 04.-05. desember 2009. Alle arrangørar av krinsrenn er pliktig å stille med TD, og denne skal stille på kurs!

Kurslærer: Lars Tennebekk, Hordaland Skikrets

*Innspel:*

-Godt høve for klubbane til å oppdatere seg på regelverk i høve til arrangement.

-Oppfordring til klubbane om å ha kontakt med klubbar med lite aktivitet, og nye klubbar, som Vik, Hafslo, Gaular og Leikanger. Forslag om at alpinksomiteen sender formell invitasjon neste år for deltaking på slike arrangement.

### **SAK 9: Orientering om arbeidet med FIS- renn i Jølster**

Sjå vedlagt presentasjon

”Rennrutiner” kjem ut som dokument som ein ynskjer at klubbane skal respondere på.

*Innspel:*

-Ynskje om at desse store arrangementa vert til kompetansebyggjande fellesarrangement for skikrinsen. Same type oppgåver som vi har i renn vanlegvis, men større dimensjon. Trengs ein god del meir mannskap enn elles på renn.

-Sikringspersonale må kursast førut for arrangementet. Det er i alle klubbane si interesse at personar får opplæring i dette.

### **SAK 10: Innspel frå laga**

- 1) Fartssamlingar: Alpinkomiteen skal arbeide vidare med arrangering av fartssamlingar
- 2) Kan det vere aktuelt å bruke andre arrangørar for fartssamlingar enn Kjus Rennskule?
- 3) Oppfordring om å sende inn bilder frå aktivitet til Yngve.
- 4) Sal utstyr: Yngve skal opprette ny side om kjøp/sal. Oppmoding om å bruke dette systemet i større grad.

### **SAK 11: Eventuelt**

- 1) Gjennomgang av rennreglement frå NSF og løypestikking: Langsvingport einstaurslalom. Får meir av dette med løypestikking på TD- kurs.
- 2) Til orientering: Fjord 1- avtalen er forlenga med tre nye år. Økonomisk nivå som før
- 3) Til orientering: Alpinkomiteane i Oppland og Oslo og har kome med forslag til ny gjennomføringsmodell for hovedlandsrenn. Sogn og Fjordane skikrins har støtta forslaga. Handlar om å utvide deltakarkvotane slik at fleire kan delta.
- 4) Ynskje om seminar for trenarar når er på Hafjell: Mål: Samkøyre seg trenarane imellom, deling av treningsfilosofi, gjennomgang av løypestikking m.m. Forslag: Kvar klubb stiller med tre trenarar til dette.
- 5) Kombinasjonen fag-foredrag- haustmøte slik gjennomført denne helga ser ut til å fungere godt. Vil ta dette med vidare til neste år. Spørsmål om å ha slikt møte ei fast helg kvar haust.
- 6) Forslag: Felles frist for påmelding eigne renn, torsdag kl 15.

Referentar: Mona Foss og Gunn Karoline Fugle

mon-foss@online.no

gunn.karoline.fugle@enivest.net